



Lill Barbro Bødtker

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/322 - 16/13441

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

28.06.2016

## Godkjenning - GBNR 1932 - Endring av rammeløyve - Igangsettingsløyve - Tilbygg til bustad mv

**Administrativt vedtak. Saknr: 221/2016**

**Tiltakshavar:** Tor Arne Dale og Kamilla Strømsbo Dale  
**Ansvarleg søkjar:** Core Arkitektur  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

Ansvarleg søkjar har søkt om endring av rammeløyve frå Meland kommune dagsett 19.4.2016, DS-99/2016. Vidare er det sendt inn ny søknad om løyve til igangsetting (IG) av tiltaket.

#### Innhald i gitt rammeløyve dagsett 19.4.2016:

Vedtaket hadde følgjande ordlyd [utdrag]:

*«Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå LNF-spreidd bustad føremålet i kommuneplanens arealdel for bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel, oppføring av tilbygg/påbygg og etablering av ny bueining(utleigedel) i eksisterande bygg jfr. Søknad om dispensasjon motteke 07.03.2016.*

*Vidare godkjenner Meland kommune med heimel i Pbl. § 20-1 bokstav a, c, g vert det vert gjeve rammeløyve til tiltak for oppføring av påbygg, tilbygg og ny bueining, og bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel jfr. Pbl. § 20-4 jfr. SAK § 3-1 bokstav c op gbnr 19/32 på følgjande vilkår:*

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 16.12.2015 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Det må sendast inn løyve til dispensasjon fra byggegrense til Fylkesveg og utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå Statens Vegvesen.
3. Det må sendast inn løyve til tilknytning til kommunalt vassverk og nytt utslepp til minireinseanlegg tilpassa 2 husstandar.
4. Det må sendast inn tinglyst vegrett på gnr. 19 bnr. 2.

Ansvar i saka følgjer av innsendte erklæringar, jf vurderinga ovanfor.»

#### Skildring av endring:

Omsøkt endring inneber at tilbygget ikkje lenger vil innehalde ny sjølvstendig bueining. Formålet med endringa er at tiltaket ikkje vil krevje løyve frå Statens vegvesen til utvida bruk av avkjørsle til fylkesveg. Det blir vist til endringssøknad og søknad om igangsetting av tiltaket journalført motteke 16.6.2016.

I følgjebrev dagsett 15.6.2016 er det opplyst følgjande om endringa:

- Søknad om bruksendring frå eksisterande tilleggsdel (boder) til ny hovuddel (utleiedel) utgår.
- Tidlegare innsendt søknad om igangsettingsløyve blir trekt.

I telefonsamtale med ansvarleg søkjar 28.6.2016 er det klargjort at endringen inneber at skillevegg i kjellar mellom tidlegare omsøkt utleigedel og hovuddelen er tatt bort. Dette inneber – i og med at tiltaket gjeld eksisterande bygg – at arealet i kjellaren ikkje blir å vurdere som søknadspliktig oppdeling av bueining, jf SAK10 § 2-2 bokstav (c). Det er framleis søknadsplikt for bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel i kjellaren (dette skal framleis gjerast), men arbeida inneber ikkje etablering av ny bruksendring fordi det ikkje er fysisk skille mellom hovuddelen og nytt buareal i kjellar.

Det blir ut over dette vist til tidlegare korrespondanse journalført på saka.

#### **VURDERING:**

Med tilvising til innsendt søknad med vedlegg, samt grunngjeving gitt i følgjeskriv dagsett 15.6.2016, vurderer administrasjonen at føresetnadene for å gi endringsløyve som omsøkt er tilstades. Vidare vurderer administrasjonen at det ikkje lenger er noko til hinder for å gi igangsettingsløyve, jf gjennomgangen nedanfor.

#### Nabovarsel:

Tiltaket er nabovarsla utan merknader og føreliggjande søknad inneber at tiltaket er redusert i omfang. Det er ikkje trong for ny nabovarsling.

#### Tinglyst vegrett på gbnr 19/2:

Det ligg føre avtale om rett til plassering og bruk av veg på gbnr 19/2. Avtalen er tinglyst, jf vilkår 4 i rammeløyvet. Det blir vist til opplysningar frå ansvarleg søkjar gitt i telefonsamtale 28.6.2016.

#### VA-løysingar:

Det er motteke søknad om tilkopling og utslepp, jf vilkår 3 ovanfor. Desse er ikkje slutthandsama av kommunen, som ventar på opplysningar frå tiltakshavar. Avgjerd av desse søknadene vil bli gitt gjennom eigne vedtak. Handsaming av desse søknadene blir ikkje vurdert å vere til hinder for å gi endringsløyve og IG som omsøkt, men det blir stilt vilkår for bruksløyve at forholda er ordna.

#### Tilhøvet til fylkesveg – Godkjenning frå Statens vegvesen:

Det ligg føre godkjenning frå Statens vegvesen knytt til byggjegrænse frå veg, jf veglova §29, jf § 30. Etter omsøkt endring vurderer administrasjonen at tiltaket ikkje lengre krev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle til fylkesvegen. Tiltaket inneber ikkje lenger søknadspliktig oppdeling av bueining, og kommunen vurderer at tiltaket då ikkje krev løyve til utvida bruk etter veglova § 40.

#### Ansvarsrettar:

Ansvar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og oppdatert gjennomføringsplan dagsett 16.6.2016.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 20-1, jf § 21-4, søknad om endring av rammeløyve som omsøkt. Det blir vist til søknad om endring med vedlegg journalført motteke 16.6.2016, samt vedlagt ny godkjent planteikning for kjellar. Rammeløyvet av 19.4.2016 gjeld elles så langt det ikkje er endra gjennom føreliggjande vedtak.

Vidare gir løyve til igangsetting av tiltaket som omsøkt, jf pbl § 21-4. Det blir vist til søknad om igangsettingsløyve med vedlegg journalført motteke 16.6.2016. Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl kap 23 flg.

- Før det blir gitt bruksløyve må tilkopling til kommunalt vassforsyningsanlegg vere godkjent.
- Før det blir gitt bruksløyve må utslepp vere godkjent i samsvar med forureiningslova.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så framt ikkje anna følgjer av vedtak ovanfor eller rammeløyvet av 19.4.2016.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelloven.

Byggjeløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

\*\*\*\*\*

Gebyr for handsaming av endring- og igangsettingssøknad blir ettersendt tiltakshavar.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

C15-06-03 Plan u. etg. revidert